



Statens vegvesen

BØMLO KOMMUNE
Rådhuset
Leirdalen 1

5430 BREMNES

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Astrid Elina Ådnanes / 24058237

Vår referanse:
23/200502-4

Dykkar referanse:
2022/3822

Vår dato:
16.09.2025

Høring av detaljregulering for konsentrert bustad på del av gnr. 58 bnr. 1, Langevåg, PlanID 202205 – Bømlo – Uttale frå Statens vegvesen

Vi viser til brev av 05.09.2025 med varsel om ovannemnde høring. Uttalefrist er 20.10.2025.

Saka gjeld

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for konsentrert bustadbygging med tilhøyrande tilkomstveg, parkering, uteområde og leikeareal. Planområdet inkluderer privat tilkomstveg til området samt kryssområde ved fylkesveg 541 Bømlavegen.

Uttale frå Statens vegvesen

Statens vegvesen forvaltar riksvegar på vegne av staten og er statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet vil seia at vi har eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, framkomelegheit, universell utforming, klima og miljøomsyn og heilskapleg bypolitikk vert ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. I denne saka uttalar vi oss som sektormynde, med fokus på trafikktryggleik.

Vi oppfattar at planforslaget følgjer opp våre innspel til oppstartsvarsel om planarbeidet. Det er positivt at forslaget sikrar etablering av kryssingsmoglegheit for å kome til gang-/sykkelveg på motsett side av fylkesvegen. Vi legg til grunn at vegløysingane for fylkesveg er avklart med vegmynde Vestland fylkeskommune.

Transportforvaltning vest 3
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Astrid Elina Ådnanes
sjefingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER